



**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val
av bispedømeråd/Kyrkjemøtet
Bjørgvin bispedøme.**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1973		
Namn	Kjersti Brakestad Boge		
Bustadsadresse	Skulestadmo		
Telefon		Epost	kapellan@voss.kyrkja.no
Bustadssokn	Voss		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Kapellan på Voss, Hardanger og Voss prosti	Frå	2008
--------------------	--	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Praktikum, Menighetsfakultetet		1998	1998
Teologisk embetseksamen, Misjonshøgskulen og Menighetsfakultetet		1992	1998
Eksamen artium, Sandnes gymnas		1989	1992

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Leiar i Regionalt arbeidsmiljøutval (Ramu) i Bjørgvin bispedøme		2011	2013
Tenestemannsrepresentant i Bjørgvin bispedøme		2011	2013

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Verneombod i Ytre Sogn prosti		2006	2008
Nestleiar/fungerande leiar i stiftsyret i PF i Bjørgvin		2010	2011
Leiar i stiftssyret i PF i Bjørgvin		2011	2013
Lokallagsleiar i PF, Hardanger og Voss prosti		2013	---

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
	Utviklinga av folkekyrkja i åra som kjem og prestane sin plass i vår framtidige kyrkje
	Å sikra gode arbeidstilhøve for dei tilsette i kyrkja
	Trusopplæringsreforma i kyrkjelydane
	Rekruttering til kyrkjeleg teneste

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Kjersti Brakestad Boge

1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg ynskjer å stille til val som geistleg representant i bispedømerådet og kyrkjemøtet fordi eg gjennom arbeidet i stiftsstyret i PF i Bjørgvin fekk innsyn i mange viktige prosessar som skjer i kyrkja no. Det gjeld alt i frå satsingar og nedskjeringar i Bjørgvin bispedøme til dei store og nasjonale endringane i vår kyrkjeordning. Eg har eit ynskje om å vera med i desse prosessane og eg trur eg har noko å bidra med.

Gjennom arbeidet i stiftsstyret har eg opparbeida meg stor kunnskap om forholda rundt i bispedømet vårt. Og eg er opptatt av at vi i framtida må sikra gode arbeidstilhøve for prestane, for kyrkja si skuld.

2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Eg meiner dette er kjerneverdiane til ein kvar prest og kyrkjelyd. Akkurat no har bispedømet ei spennande satsing på vår lutherske arv. Gjennom kursinga av prestane fram mot Luther-jubileet vonar eg at både prestar og kyrkjelyder vil verta enno meir bevisste på vår lutherske arv og vedkjenning. Som prest i bispedømerådet vil eg vera med og påminna bispedømerådet om at desse kjerneverdiane må vera grunnlaget for alt arbeidet vi driv i Bispedømet.

3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Med utgangspunkt i det lutherske ekteskapsynet, at ekteskapet fyrst og framst er ei verdsleg ordning, meiner eg at tida no er inne for å leggja til rette for vigsel av homofile par.

4. Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteteneste i Bjørgvin?

Det er ynskjeleg at vi har kvinnelege prestar i kvart prosti. Vi treng også kvinnelege prostar i vårt bispedøme. Når det står i ein utlysningstekst til ei stilling, at ein oppmoder kvinner om å søke, så må det takast på alvor, at ein faktisk ynskjer tilsetning av fleire kvinner i bispedømet. Det er også viktig å arbeida for gode arbeidsmiljø i prostia, slik at alle prestar opplever at dei har gode arbeidsfelleskap, der dei kan hente støtte og inspirasjon til tenesta.

5. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Kyrkja er inne i store endringar. For meg er det spennande med kva som skjer med tilsettings- og arbeidstilhøva for prestane i åra som kjem. Det er mange spørsmål som kjem opp og det krever at fagforeiningar og bispedømeråd fylgjer godt med på kva som skjer. I tida framover ynskjer eg å vera med og arbeida for at vi også i framtidige ordningar må sikra best mogelege arbeidstilhøve for prestane og dei tilsette i kyrkja både nasjonalt og lokalt. Eg trur det er naudsynt for at ungdom skal kunne tenka seg ei framtid som prest i kyrkja vår. Eg meiner også at det er viktig å halda fast at kyrkja fyrst og framst er eit andeleg fellesskap av truande menneske. Difor er det viktig at dei som skal leia kyrkja i framtida, har eit andeleg syn for arbeidet og er forplikta på vår truvedkjenning.

6. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Prestane har mykje teologisk kompetanse. Eg trur det er viktig med teologisk debatt i dei store sakene vi har i vår tid. Eg ynskjer at prestar er modige og brukar sin kompetanse både lokalt og i arbeidsfelleskapa dei er ein del av. Eg trur at god og grundig teologisk debatt fører til auka forståing av kvarandre sine synspunkt og at det slik kan opplevast lettare å respektera kvarandre, sjølv om ein er ueinig.



**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val
av bispedømeråd/Kyrkjemøtet
Bjørgvin bispedøme.**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1956		
Namn	Ivar Braut		
Bustadsadresse	Nesttun		
Telefon		Epost	ivar.braut@bergen.kirken.no
Bustadssokn	Birkeland		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest i Birkeland menighet, Fana prosti	Frå	2000
--------------------	--	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Sokneprest i Stord og prost i Sunnhordland		1994	2000
Kapellan i Ilen i Trondheim		1991	1994
Lærer i teologiske fag Bibelskolen i Grimstad		1988	1991
Vikarprest Oslo og kapellan i Fossum menighet i Oslo		1981	1987
Spesialkompetanse i praktisk prestetjeneste SPP, 3 moduler, bl.a. pastoral lederutdanning PLU		1996	2006

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Geistlig repr Bjørgvin bispedømmeråd		2011	dd
Medlem Kirkerådet		2012	dd
Repr for Bjørgvin i Samarbeidsråd Menighet og Misjon (SMM)		2000	2011
Repr for Bjørgvin representantskapet Kirkens Bymisjon Bergen		2001	2009
1.vararepr bispedømmerådet		2005	2011

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
	Prestenes forkynnesarbeid - fornyelse og tid til konsentrasjon
	Ny kirkeordning der prestene fortsatt skal ansettes på bispedømmenivå
	Flere kvinner i prestetjeneste i Bjørgvin
	Bispedømmet en attraktiv arbeidsgiver
	Folkekirkelig farge på kirken

Namn: Ivar Braut

1. Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg har høg motivasjon og god lyst til å gå på ein ny periode. Eg synest det er svært meiningsfullt og eg trivest med å vera med i bispedømerådet og i Kyrkjemøtet. Det vil også vera viktig i ei tid med mange store saker at det blir kontinuitet, og det vil eg stå for. Eg er godt inne i mange av sakene og kjenner arbeidsmåten. Dessutan er eg ein samlande kandidat for prestane i Bjørgvin med ei klassisk kristendomsforståing, klår luthersk identitet og eit folkekyrkjeleg ideal for kva kyrkja er.

2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- **Vedkjennande**
- **Open**
- **Tenande**
- **Misjonerande**

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Eit dokument gagnar lite, men overtvinging og glød kan gjera mykje. Samstundes er det faktisk viktig at kyrkja har gjort vedtak som fortel kva vi som fellesskap vil arbeida for. Desse fire punkta har vore retningsgjevande og er ofte siterte. Slik ei kyrkje vil vi ha! Og då er det gjennom det vanlege arbeidet på alle nivå i kyrkja – ikkje minst lokalt – at desse fine orda kan bli til handling og oppleving.

3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Eg er klart imot at kyrkja skal stå for vigsel av likekjønna par. Ekteskapet er etter mitt syn for ei kvinne og ein mann og bare det. Men alle – uansett korleis ein innrettar livet sitt – høyrer til i kyrkja ved dåp og tru og er med i same teneste og ved same nattverdord. Forbønnsliturgi for likekjønna par er eg heller ikkje for. Det kommuniserer ei ny lære. Men for å unngå vigsel og av omsynet til samhaldet i kyrkja kan eg stemma for ein fast forbønnsliturgi. Då må òg den andre fløyen gå inn på eit slikt kompromiss. Heile kyrkja inkludert homofile medkristne vil vera tent med at vi no avsluttar denne debatten på ein samlande måte.

4. Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteneste i Bjørgvin?

Ved å tilsetja kvinner så ofte det er sakleg grunnlag for det. Nokre gonger kan det også forsvarast at ei kvinne blir tilsett sjølv om t.d. ansienniteten ikkje skulle gå hennar veg. Eg er ein talsperson i bispedømerådet for å tilsetja kvinner langs desse liner, og enno i nokre år bør kvinner ha ein viss forkjørsrett ved tilsetjingar. Men alle tilsetjingar skal sjølv sagt skje ansvarleg og til beste for kyrkjelydane. I rekrutteringa av fleire kvinner bør ein aktivt bruka kvinner som er allereie i presteneste i Bjørgvin. Dei vil fortelja sant om bispedømet og kyrkjelydane, og då har eg tru på at endå fleire søker stillingar her.

5. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Store formelle endringar kjem i komande periode. Prestane blir tilsette i kyrkja og er ikkje lenger tilsette i staten. Det krev at kyrkja er ein ytterst ansvarleg arbeidsgjevar som ser til at løn og pensjon blir minst like god som no, at alle faglege rettar held fram og at det er kompetente organ som står for tilsetjing og som arbeidsgjevar. Dette organet må framleis vera biskop og bispedømeråd. I ei ny kyrkjeordning er det framfor alt viktig at dei mange medlemmene som aldri seier noko – «dei stille i landet» - kjenner at kyrkja er den same folkekyrkja dei alltid har høyrte til. Ei slik kyrkje har kraft i seg til å rekruttera nye medarbeidarar.

6. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Først av alt vera klår og tydeleg slik at debatt og samtale blir ærleg. Vi har mykje å gå på i kyrkja, for vi har så mykje saman! Nokre gonger er eit kompromiss det nest beste og godt nok. Vidare er det eit felles ansvar i å snakka godt om kvarandre og setja seg i andre sin situasjon. Og når ei sak er avgjort er det felles ansvar å respektera at slik blei det. I forkynning og kyrkjeleg praksis er det eit gode at kyrkja femner så vidt at vi når ut til mange. Usemje og retningar høyrer folkekyrkja til. Forkynninga av Jesus som den oppstadne Frelsaren er felles fundament.


Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar

ved val av

bispedømeråd/Kyrkjemøtet Bjørgvin

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1986		
Namn	Andreas Danbolt		
Bustadsadresse			
Telefon	Epost	andreas.danbolt@gmail.com	
Bustadssokn	Stedje		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Ungdomsprest indre sogn prosti	Frå (Årstal)
--------------------	--------------------------------	-----------------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Fagbrev i industrimekanikerfaget		2002	2006
Teologi, master og praktikum (NLA/MF)		2008	2015
Ungdomsarbeider Fjell kyrkjelyd		2011	2014

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Nominasjonskomité ungdommens bispedømmeråd, bjørgvin bispedømme		2014	2015

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Representant i landsstyret NMSU – Norsk misjonsselskaps barne og ungdomsorganisasjon		2007	2012

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Organisering av kyrkja	
Born og unge i kyrkja	
Kyrkja si identitet som misjonar kyrkje.	

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for geistlege i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpa nominasjonskomiteén i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

Namn: Andreas Danbolt

1.Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

- Eg ynskjer å bidra til å komme fram til gode løysningar for korleis kyrkja skal organisere seg for framtida. For oss som er unge prester kan dei vala kyrkja gjer no, ha store konsekvensar. I ein tid da rekruttering er viktig, ynskjer eg særleg å vera talerøyr for oss som skal fylle stillingane i kyrkja i framtida.

2.Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Eg har fått eit særskilt ansvar for aldersgruppa 15 til 30 år. Eg vil arbeide systematisk med å inkludere desse gruppene i gudstenesta, bevisstgjæra unge på deira tru og kyrkjetilhøyring. Særskilt vil eg vektleggja kyrkja si misjonale identitet i dette arbeidet. Eg vil også arbeide for å styrke kyrkja sitt samarbeid med lokale lag og foreiningar, og hjelpe unge til å være seg bevisst sin kristne identitet. Ein slik tenking ynskjer eg også å bidra med inn i bispedømeråd og kyrkjemøte.

3.Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Eg står i denne saka på kyrkja si klassiske forståing av ekteskapet. Eg vil derfor meine at det ikkje bør opnast for vigsel av likekjønna par i kyrkja.

4.Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteteneste i Bjørgvin?

Ettersom det er om lag 50% kvinner som studerer teologi i dag, og dei fleste prestane som går av med pensjon er menn, trur eg andelen kvinner i presteteneste vil auke av seg sjølv dei komande åra. Det beste me som kyrkje kan gjera, er å ta imot dei kvinnene som blir sett inn i teneste på ein god måte, på lik linje med menn.

5.Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering , organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Eg vil legge vekt på ungdomsarbeid og oppfølging av unge som viktig for rekruttering både av tilsette og frivillige. Med tanke på arbeidsgjevaransvar trur eg det er naudsynt med ein enklare organisasjonsstruktur. Eg ser på endringa i tilhøvet mellom stat og kyrkje, og dermed reorganisering av kyrkja som ein omfattande og tung prosess kor det er viktig å tenkje langsiktig og heilskaplig, også med tanke på kommunereforma og regionreforma.

6.Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Ei vektlegging av samlinga om evangeliet og sakramenta som grunnleggjande element for kyrkja, trur eg gjer kyrkja meir slitesterk for anna usemje. Konflikhtar i kyrkja kan også oppstå eller forsterkast på grunn av ein komplisert organisasjonsstruktur og uklar ansvarsfordeling. Ei tydligare organisering og ansvarsfordeling trur eg er viktig å jobbe med for å styrkje kyrkja si einskap, og for å få samarbeid til å fungera betre trass usemje. I alle reformprosessane er det naudsynt at me ivaretar og styrkjer biskopane si rolle som kyrkjas leiarar.



**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved
val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet
Bjørgvin bispedøme.**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.

Fødselsdato	1969		
Namn	Per Hjemdal		
Bustadsadresse	Enge		
Telefon		Epost	soknepresten@etnekyrkja.no
Bustadssokn	Etne		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> X (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest i Etne	Frå	2010
--------------------	-------------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Teologistudiet		1988	1993
Feltprest Bodø Flystasjon, luftvernartilleriet		1994	1995
Kapellan Laksevåg menighet, Bergen		1996	2008
Sokneprest, Laksevåg menighet, Bergen		2008	2010

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Styremedl Sunnhord. lokallag PF		2011	2014

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)		
Bygge godt kontinuerlig barne- og ungdomsarbeid lokalt.			
Mangfold i gudstjenestene.			
Tydelig åndelig ledelse.			
Liturgisk likhet i DnK.			
Konkurransedyktige lønns- og arbeidsforhold.			

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for geistlege i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpa nominasjonskomiteen i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

Namn: Per Hjemdal

1.Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Jeg har lyst til å være med og påvirke veien kirken går og valgene som tas med tanke på teologi, liturgi og satsing, særlig på trosopplæring for barn og voksne.

2.Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

Jeg tror det er viktig å være sann mot skriften og bekjennelsen og våge å være tydelig i forkynnelsen.

Jeg tror det er viktig å basere all forkynnelsen på kjærlighet, og være raus mot livet slik det leves av mennesker både i og utenfor kirken.

Jeg tror det er viktig å benytte seg av alle ressursene som sitter i kirkebenkene, og som elsker å se nye folk komme til kirke, og jeg mener vi bør fokusere ressursene slik at de brukes i tjenlige kirkehus der menneskene bor. Jeg tror det er viktig å tenke bredt på hva som hører hjemme i kirken, og være frimodig som kirke inn i sammenhenger kirken tradisjonelt ikke ferdes.

3.Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Jeg kan ikke se at det er kirkens oppgave å velsigne likekjønnet samliv. Det er et bedre alternativ for kirken å frasi seg vigselfretten.

4.Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteteneste i Bjørgvin?

Jeg ønsker svært gjerne flere kvinnelige kolleger! Men siden det utdannes flere kvinner enn menn til presteyrket, tror jeg dette vil komme av seg selv. Det viktigste er tross alt ikke kjønn, men å få de mest egnede personene og de best mulige konstellasjonene i menighetenes stab.

5.Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering , organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Jeg tror fornyet fokus på kalls- og tjenestetanken er av stor betydning for å få gode tilsatte på alle nivå i kirken. For rekrutteringen av prester er lønn et viktig virkemiddel. Når det gjelder både organisering og arbeidsgiveransvar er jeg godt fornøyd med tingenes tilstand.

6.Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Siden kirkens begynnelse har bekjennelsen til Den treenige Gud og Jesus som vår eneste vei til frelse vært det som har avgjort om man hørte til i kirken. Kirkens bekjennelser må fortsatt være det som definerer kirkens enhet. Siden møter vi mye som det ikke står noe om i bekjennelsene. Da må ydmykhet i forhold til egne standpunkter være grunnleggende. Gjensidig respekt mellom uenige parter er også nødvendig. Men at alle nivåer i kirkens struktur, fra menighetsråd til biskoper, er lojale mot vedtak som fattes, også om de er helt uenige, er mest avgjørende og viktigst for at kirken kan holde sammen. Illojalitet skaper mye frustrasjon.

**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av
bispedømeråd/Kyrkjemøtet**

Bjørgvin bispedøme.



Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.
Opplysningane om fødselsdato og bustadadresse kjem ikkje til å verta nytta i slike presentasjonar, berre alder og sokn. Alle felt skal fyllast ut.

Fødselsdato	1959		
Namn	Tor Martin Koppang		
Bustadsadresse	Bergen		
Telefon		Epost	tor.martin.koppang@bergen.kirken.no
Bustadssokn			
Kjønn	K	M	<input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)

		Frå
Noverande stilling	Sokneprest i Biskopshavn kyrkje	2013

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Mellomfag sosialantropologi, UIO		1985	1985
Cand.teol., Menighetsfakultetet		1979	1986
Praktikum, MF		1987	1987
Videreutdanning i jusfag – 45 stp., Høgskolen i Molde		2007	2008
Videreutdanning i SMP, Impulser fra Vest, ungdomsarbeid, homiletikk, PF,		2000	2014

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Leiar i lokallaget i Domprostiet, Møre		1991	1993
Vararepr.til stiftsstyret i Bjørgvin		2013	2015

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Sokneprest i Aukra		1989	2008
Domprostvikar i Møre		2007	2008
Kapellan i Eidsvåg kirke		2008	2013

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)		
(Inntil 30 teikn)			
Barne- og Ungdomsarbeid, men særleg ungdomsarbeid. Eg var med å bygge opp leiarkurs i Eidsvåg kyrkje.			
Gudstenestearbeid for alle aldrar. Eg trur at ulike former for gudsteneste møter ulike aldrar og ulike sider i dei ulike menneska. Det betyr og gudsteneste både på søndag føremiddag og av og til på søndag ettermiddag.			

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Spørsmåla er bestemt av nominasjonskomiteen for geistlege i Bjørgvin, med utgangspunkt i valrådet sine spørsmål til dei leke kandidatane. Spørsmåla har to funksjonar, dei skal hjelpe nominasjonskomiteén i arbeidet med å setja opp kandidatlista, og dei skal brukast i presentasjonen av deg som kandidat. Dette medfører at teksten vil bli offentleg (på nett og på trykk) dersom du blir nominert. Vi ber om at de skriv kort, maks. 800 teikn inkl. mellomrom pr. spørsmål.

Namn: Tor Martin Koppang

1.Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

Eg ynskjer å ta min del av ansvaret for framtida til kyrkja. Eg har røynsle frå fleire kyrkjelydar og bispedøme og fleire stillingar i kyrkja, og det trur eg kjem godt med. Tilhøvet mellom stat og kyrkje, kommune og kyrkje er i endring samstundes som det skjer ei stadig omorganisering i kyrkja sjølv. Det krev vilje til nytenking og solidaritet i organisasjonen. Vi må arbeide for å behalde stillingane i kyrkja. Det betyr at vi treng fleire gjeverar, og vi må arbeide for å skaffe ein sikker økonomi. Alt dette krev evne til endring og til å ta vare på det som er naudsynt i ei kyrkje – ord og sakrament som byggjer kyrkjelydane. Bymenighetene og bygdemenighetene er like viktige - at det finnes ei kyrkje, ein kyrkjelyd og ein prest der.

2.Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande- Korleis vil du arbeida for å verkeleggjere dette?

Denne visjonen blir aller mest verkeleggjort i den lokale kyrkjelyden der menneske vedkjenner trua, trekk nye inn i kyrkjelyden, tener Gud i kvardagen i sine nabolag og yrker og misjonerer ved å fortelje om kven dei trur på og kva trua betyr i kvardagen. Så er kyrkja universell difor er det naturleg og naudsynt å ha kontakt mellom truande mellom kyrkjelydane og å ha ein biskop som har i oppgave å fremje eining på grunnlag av Skrifta. Difor må ein aller mest satse på dei lokale kyrkjelydane og fremje samarbeid når det er med å verkeleggjere visjonen.

3.Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

Eg ynskjer å arbeide for ekteskapet mellom kvinne og mann. Eg veit at fleire strever med at kyrkja seier nei til vigsel av likekjønna, og eg skjønner at mange kan ha det vanskeleg. Men vigsel av likekjønna par har ikkje støtte i Bibelen, slik eg les han, og difor kan eg ikkje gå inn for det – hverken for eigen del eller for kyrkja.

4. Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteneste i Bjørgvin?

Eg ynskjer å rekruttere fleire til presteneste og vil ikkje legge særleg vekt på å få fleire kvinner i presteneste.

5.Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering , organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

Eg ynskjer at kyrkja skal organiserast slik at den har einingar som fremjer kontakt med kyrkjelydane og tener gudstenestelivet, trosopplæringa og arbeidet mellom barn og unge. Det betyr at sokna må ha mykje å seie gjerne på bekostning av fellesrådet og at biskopen og bispedømerådet får større innflytelse. Bispedømerådet bør fortsatt å ha arbeidsgjevaransvaret for prestane, men kanskje og dei andre vigsle stillingane.

6.Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Først vil eg kjempe for det vi står saman om – både i lokalkyrkjelyden og i kyrkja. Når Jesus ber oss gå ut å døype og lære og gjere alle menneske til læressveinar, så er det oppgåver til alle. Då kan ikkje eigeninteresser stå i vegen for det. Og usemje og mange konflikhtar i kyrkja kunne vore løyst om vi hadde fokus på målsettinga for det vi arbeider for – at menneske skal bli frelste.

Men så er kyrkja splitta i mange betydningsfulle ting når det gjeld teologi, og det smerter, men det er ikkje nytt i kyrkja si historie. Om det ikkje skal føre til enda meir splitting, vert det enda meir naudsynt å møtest og snakke saman og ikkje handle på eigenhand. Og så må Kyrkja si lære og sitt liv spegle Jesu og apostlane sine ord om korleis kyrkja skal lære og vere i verda.



Skjema for presentasjon av kandidater valg av bispedømmeråd/Kirkemøte Bjørgvin bispedømme.

Opplysningene er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatene.
Opplysningene om fødselsdato og bostedsadresse vil ikke bli benyttet i slike presentasjoner, bare alder og sokn.

Alle felt skal fylles ut.

Fødselsdato	08.06.1961		
Navn	Gunnar Mindestrommen		
Bostedsadresse	Minnestraumen 33,5174 Mathopen		
Telefon	90014146	Epost	gunnar.mindestrommen@bergen.kirken.no
Bostedssokn	Loddefjord		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> X (kryss av)		

Nåværende stilling	Sokneprest i Søreide	Fra 2015
--------------------	----------------------	-------------

Yrke/Utdanning	(Inntil 5 oppføringer - velg de mest relevante)	Fra	Til
Cand. teol frå MF+practicum		1981	1981
Bedriftsøkonom Bedriftsøkonom		1988	1988
Godkjent arbeidsvegleiarutdanning		1987	1987
Prest i forsvaret 1988-90 og i heimevernet 1994-2000		1990	1990
Sokneprest i Stod(Nidaros), kapellan/sokneprest i Jondal		1999	1999

Kirkelige verv	(Inntil 5 oppføringer - velg de mest relevante)	Fra	Til
Leiar for Den Norske Kirkes Presteforening		2008	2008
Medlem av Bjørgvin stiftstyret, leiar og andre verv		2015	2015
Særskild arbeid med HMS systemet Bjørgvin bispedømme		2000	2000

Offisielle og andre verv	(Inntil 5 oppføringer - velg de mest relevante)	Fra	Til

Satningsområder	(Områder i kirkens liv og planer kandidaten er særlig opptatt av. Inntil 5 kandidaten vil prioritere høyst)
Landsdekkende folkekirke	
Arbeidsvilkår for alle ansatte	
Presten som leder	
BDR som arbeidsgiver	
Organisering av kirken	

1. Eg stiller til val til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet fordi: Eg har lyst til å vere med på å forme kyrkja si framtid i ei spennande omstillingstid. Gjennom vervet som leiar i Presteforeninga gjennom nesten sju år har eg opparbeidd mykje kunnskap om organisering av kyrkja, teologisk kunnskap om ekklesiologi og tenesteteologi. Eg trur denne kunnskapen kan kome til nytte i møte med viktige avgjerder i kyrkjemøtet dei neste fire åra. Eg har dessutan opparbeidd eit stort nettverk i kyrkja og kan nytte dette til beste for kyrkja og for prestane i Bjørgvin. Eg har også fått god erfaring med å drive påverkingsarbeid i kyrkjepolitiske spørsmål. Eg har også erfaringar med tilsetjingarbeid i Bjørgvin bispedømme og kjenner både prestar og andre deler av bispedømmet godt. I samband med ette er eg oppteken av at bispedømmet driv ein føreseieleg, transparent og klok personalpolitikk som legg til rette for å kunne trivast som prest og ha høve til karriereutvikling gjennom heile yrkeslivet.

2. Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:
• *Vedkjennande* • *Open* • *Tenande* • *Misjonering* - **Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?** Alle desse visjonsorda er viktige for kyrkja og ein kan ikkje setje det eine opp mot det andre. Dei heng innbyrdes saman. Føresetnaden for å kunne realisere visjonen om ei slik kyrkja må byggje på solid teologisk kunnskap og stor forståing av eit samfunn i forandring. Kyrkja må finne sin vel funderte lutherske identitet og samstundes finne ei anna rolle i det norske samfunnet når relasjonar mellom stat og kyrkje blir endå meir endra. Eg vil vere ein talsmann for kontinuitet og måtehald med omsyn til stadig nye kyrkjelege reformer. I alle vedtak enten dei er på bispedømmenivå eller på kyrkjemøtet må følgjast av ein tydeleg refleksjon over konsekvensane i den einskilde kyrkjelyd.

3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja? Bispemøtet har handsama dette spørsmålet gjennom eit grundig teologisk arbeid. Her kom det fram at det ligg føre to teologisk legitime syn på dette spørsmålet i kyrkja, og at det ikkje er å forstå som ei kyrkjesplittande sak. Vi må finne gode måtar for å leve med ulike syn på dette spørsmålet. Eg meiner difor at dei prestar som ynskjer det må få lov til å vie to av same kjønn, medan dei prestar som er overtydde om det motsette må bli respektert for dette. Det er difor naturleg for meg å arbeide for at kyrkja opnar for vigsel av likekjønna, men at det samstundes blir etablert gode og robuste ordningar for at dei som ikkje ønskjer å vie to av same kjønn skal ha like gode og trygge arbeidsvilkår som før.

4. Korleis vil du arbeida for å auka talet på kvinner i presteneste i Bjørgvin? Talet på kvinner i presteneste i Bjørgvin er alt for lavt. Det er difor ikkje nok med ei passiv tilnærming berre gjennom kvotering under elles like vilkår. Bispedømmet kan gjere mykje meir for å etablere nettverk for kvinner, ha fokus på kvinneteologi og gjere synleg dei dyktige kvinnene i prestenesta som vi allereie har i bispedømmet.

5. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva vil du vektlegge m.o.t. rekruttering , organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja? Dei neste åra står vi framfor ei stor utfordring med å rekruttere gode ungdommar til å velje teologistudium og presteneste. Bjørgvin bispedømme kan bli hardt råka av dette. Eit sterkare fokus på leiarutvikling i ungdomsarbeid, konkret oppfølging av teologistudentar frå bispedømmet og eit stort fokus på å få fram alle dei gode sidene ved prestenesta er svært viktig. Bispedømmet kan også gjere meir for å rekruttere tilbake mange av dei med teologisk kompetanse som gjer teneste i andre samanhengar.

Nokre av dei same utfordringane gjeld andre tenestegrupper med særskild kyrkjeleg kompetanse, som kateketar, diakonar og kantorar. For alle dei vigsle stillingane er det heilt nødvendig at eit samla bispedømme kan drive aktiv rekrutteringsarbeid. Eg meiner difor at bispedømmerådet må styrkjast som arbeidsgjevar i alle høve for desse gruppene. Om ein skal følgje opp kyrkjemøtet sitt ønskje om ein felles arbeidsgjevar for alle i kyrkja så meiner eg det må leggjast til bispedømmerådet, men med høve til å delegerer delar av arbeidsgjevaransvaret til andre nivå. Det må skje gjennom gode og robuste ordningar som også styrkjer soknerådet sin medverknad i tilsetjingssaker. Ei slik løysing vil profesjonalisere personalpolitikken endå meir, gje robuste einingar med trygge arbeidsplassar og redusere trongen for byråkrati i kyrkja.

6. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje? Eg har følgd debattane tett på kyrkjemøtet dei siste åra. Det som går igjen er manglande evne til å finne gode kompromiss og byggje bru mellom ulike standpunkt. Dette trur eg blir heilt naudsynleg å utvikle i tida som kjem. Det er også nødvendig å utvikle eit medvit om at ein kjem fram til avgjerder i viktige teologiske spørsmål gjennom grundig teologisk arbeid. Eg har arbeidd mykje i brytningar mellom sterke meiningar og har opparbeidd erfaring med å leite etter samlande løysingar også når spenningar byggjer seg opp. Denne kunnskapen trur eg kan kome til nytte i arbeidet både i bispedømmerådet og i kyrkjemøtet.